

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	26.08.2014	078/14	LIN

Avgjerd av: Saksansv.: Linda Nordtveit	Arkiv: K2-P24 Objekt:	Arkivsaknr 11/1026
---	--	------------------------------

REVIDERT AVTALE OM LEIGE AV KAI- PRESTABRYGGÅ I VIKEBYGD.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	09.05.2011	Vikebygd Motorbåtforening	SØKNAD OM OVERTAKELSE AV KAI- PRESTABRYGGÅ I VIKEBYGD
2	U	27.05.2011	Vikebygd Motorbåtforening	SØKNAD OM OVERTAKELSE AV KAI- PRESTABRYGGÅ I VIKEBYGD
3	U	08.05.2012	Vikebygd grendautval ved Aud Tordal	UTTALE FRÅ VIKEBYGD GRENDEUTVAL TIL SØKNAD OM OVERTAKELSE AV KAI- PRESTABRYGGÅ I VIKEBYGD FRÅ VIKEBYGD MOTORBÅTFORENING
4	I	18.06.2012	Vikebygd Grendalag	SØKNAD OM OVERTAKING AV KAI/NAUSTOMRÅDE
6	U	26.06.2014	Vikebygd motorbåtforening	GRUNNEIGARLØYVE TIL FLYTEBRYGGE VIKEBYGD MOTORBÅTFORENING

Saka gjeld:

I formannskapet, sak nr. 031/14, blei det laga sak for Vikebygd Motorbåtforening som ynskjer å overta og leige Prestabrygga. Oddmund Tjoflåt har avtalen med kommunen i det aktuelle området. Han har sagt seg villig til å overføra avtale til Vikebygd motorbåtforening. I formannskapet blei det vedtek følgjande: «Saka blir sendt i retur».

Eining kommunaltekniske tenester har difor laga ny avtale.

Saksopplysningar:

Avtalen blei sendt i retur for å utarbeida ein meir detaljert avtale når det gjeld vedlikehald. Følgjande endringar er lagt til under drift i avtalen:

- Kaihus: indre og ytre bygningsvedlikehald og årleg tilsyn.
- Kaikonstruksjon: tilsyn med dreneringssystem, sperre mot biltrafikk, tilsyn med kaikonstruksjon og forsterking eller avstenging av område. Tilstandsrapport frå 2014 er lagt ved.
- Andre areal: vintervedlikehald (brøyting, strøing, utsetting av sandkassar ol), sommarvedlikehald (klipping, stell av buskar og tre, kontroll av leikeutstyr ol) og reinhald av areal (plukking av søppel, tømning av avfallsbøtter og liknande.)

Vurdering:

Vindafjord Kommune ser positivt på at Vikebygd motorbåtforeining overtek drift og vedlikehald av Prestabrygga. Ein slik praksis er også gjennomført i andre båthavner som Ølen båthavn og Vikedal båthavn. Kommunen har positive erfaringar med slike avtalar.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vikebygd motorbåtforeining får leiga Prestabrygga som beskrive i vedlagt avtale og kart.

26.08.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt (med 8 røyster).

FS-078/14 VEDTAK SAMRØYSTES (MED 8 RØYSTER):

Vikebygd motorbåtforeining får leiga Prestabrygga som beskrive i vedlagt avtale og kart.